



ALVER
KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Jan Åge Hølleland
Flaktveittræet 18
5134 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19127 - 21/1676

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
11.01.2021

Løyve til utslepp av avløpsvatn frå Jets renseanlegg - gbnr 352/44
Kårbø

Administrativt vedtak:	Saknr: 043/21
Byggestad:	Gbnr: 352/44
Tiltakshavar:	Jan Åge Hølleland
Ansvarleg søker:	Skarsvåg Rør og Interiør AS
Søknadstype:	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 352/44 Kårbø på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert slamavskiljar for gråvatn og oppsamlingstank for svartvatn. Restutsleppet frå slamavskiljar og frå oppsamlingstank skal førast i tett leidning til infiltrasjonsgrøft som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
6. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, og koordinatar for plassering av anlegget.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 352/44 Kårbø.

I søknaden er det opplyst at svartvatnutslepp frå eigedommen vert ført til oppsamlingstank av typen Jets Biotank 170L compl. Svartvatnet vert separert slik faststoff vert kompostert og urin vert ført til infiltrasjonsgrøft.

Gråvatn vert ført til 1 m³ slamavskiljar før det vert ført vidare til infiltrasjonsgrøft.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 15.12.2020.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som areal for fritidsbusetnad.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Det er kommunens vurdering at naboar er kjent med tiltaket gjennom vedlagte «Erklæring av felles solidarisk ansvar» for vass- og avløpsleidningar. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 14.12.2020.

Drift og vedlikehald

Eigar av anlegg er ansvarleg for at det vert drive og vedlikehalde slik at utsleppet er i samsvar med krav gitt i løyve og i samsvar med forureiningsforskrifta. Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf. § 7 i forureiningslova.

Privatretslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom, på gbnr. 352/44. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppsstad.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Anlegget det her er søkt om kan etter administrasjonen si vurdering nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og det ikkje er fare for at infiltrasjonsvatn fører til vanskar for naboar, vasskjelder eller opne vassdrag.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av gråvatn via slamavskiljar med infiltrasjonsgrøft og separering av svartvatn, der faststoff vert kompostert, og urin går til infiltrasjonsgrøft.

Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Utsleppet det her er søkt om er etter Alver kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av

«Forskrift om begrensning av forurensing» sin § 12-5.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 20/19131.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forurensningsloven § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/19127

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Åge Hølleland	Flaktveittræet 5134	FLAKTVEIT
	18	
Skarsvåg Rør og Interiør AS	Melandsvegen 5919	FREKHAUG
	15	